

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO



Oslo, 12. oktober 2011

Vår ref.: 423.41/LRK  
Dykkar ref.: 201102421-/HEG

## Høyringsvar frå LNU – NOU 2011:14 Bedre integrering

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser til høyringsbrev frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet av 28. juni d.å. Høyringa gjeld NOU 2011:14 *Bedre integrering*.

LNU representerer 99 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, med til saman over 500 000 medlemmer. LNU er ein interesseorganisasjon for medlemsorganisasjonane, og fremjar deira felles interesser for styresmaktene. Vi arbeider mellom anna for betre rammevilkår for barne- og ungdomsorganisasjonane, og for enkel og ubyråkratisk samhandling mellom styresmaktene og frivilligheita. LNU forvaltar sju støtteordningar på til saman ca 130 millionar kroner, på vegner av tre ulike departement.

Vi takkar for mulegheita til å kome med innspel. LNU vil i dette høyringsvaret kommentere avsnitt 10.5.4 *Deltakelse i sivilsamfunnets organisasjonar*. Vi vil deretter vidareformidle generelle innspel til heile NOU 2011:14 frå minoritetsorganisasjonane i LNU. Innspela kom fram i eit høyringsmøte som LNU arrangerte den 29. september, med brei deltaking.

### Innleiande kommentarar

**LNU vil innleiingsvis streke under** at frivillig sektor spelar ei sentral rolle i inkluderingsarbeidet i Noreg i dag, og at potensialet er endå større. Særleg er barne- og ungdomsorganisasjonane avgjerande som inngang til frivilligheita, som skolar i demokrati og som ein hindringsfri nærmiljøarena der barn og unge deltek i aktivitetar dei vel og styrer sjølve. Vi delar ambisjonen som utvalet uttrykkjer (s. 301) om at deltakinga frå innvandrarar skal vere lik deltakinga frå andre innbyggjarar. Organisasjonane har sjølve ansvar for og interesse av å rekruttere så breidt som råd. LNU opplever at barne- og ungdomsorganisasjonane ønskjer å gjere ein aktiv innsats for å spegle mangfaldet i Noreg.

**LNU vil samstundes minne om** at dei fleste frivillige organisasjonar ikkje har integrering som *formål*, og at ekstra innsatsar som regel krev ekstra ressursar. Utvalet skriv (s. 307) at organisasjonane "må være mer inkluderende, og mer offensive i rekrutteringen. De må sørge for å nå ut til barn/unge med innvandrerbakgrunn der de er, og ta direkte kontakt med den enkelte." Dette er nok ambisjonen til mange barne- og ungdomsorganisasjonar, men krev omfattande personalressursar og sterkare og endå meir føreseielege rammevilkår enn i dag. Dersom styresmaktene ønskjer at organisasjonane skal gjere vesentleg meir enn i dag, er det

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council  
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,  
NO-0157 Oslo  
Telefon +47 23 31 06 00  
Telefaks +47 23 31 06 01  
lnu@lnu.no  
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739  
Bankkonto: 8398 05 05475  
SWIFT: HANDNOKK  
IBAN: NO24 8398 0505 475





nødvendig både å få tilført nye ressursar og å gjennomgå eksisterande samarbeid og støtteordningar for å sjå om desse i større grad kan målrettast.

**LNU meiner** på denne bakgrunn at mange tiltak med fordel kan bli finansierte gjennom å styrkje og målrette eksisterande støtteordningar. Mellom desse er LNU Mangfald og inkludering. LNU mottok i 2010 søknader for meir enn åtte gonger den summen som LNU har fått løyvd frå BLD til rådvelde for ordninga.

**LNU er glad for** at utvalet (s. 303) tek opp den viktige utfordringa med at barn og unge med innvandrarbakgrunn er overrepresenterte i gruppa barn og unge i låginntektsfamiliar.

**LNU vil i denne samanheng minne om** at ein med relativt sett små middel til styrking av grunnstøtteordningar for sentral og lokal aktivitet i barne- og ungdomsorganisasjonane, vil sikre at viktige arrangement for inkludering og demokratisk opplæring, som sommarleirar og sentrale kurs, i større grad kan bli rimelegare eller gratis. Utviding av verkefeltet for ordningane kan også brukast til å sikre reisestøtte for dei som bur langt unna. Slike tiltak vil også kome andre utsette grupper til gode. I forslaget til statsbudsjett for 2012 legg BLD opp til ein mindre vekst i grunnstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonane, medan Kulturdepartementet reknar med kraftig reduksjon i overføringane frå Norsk Tipping. For å sikre den lokale aktiviteten i organisasjonane er det nødvendig å skjerme Frifond frå kutt når den delen av overskotet som er sett av til kultur skal fordelast i mars.

**LNU vil på generelt grunnlag vise til** tiltak føreslått av frivillige organisasjonar til styresmaktene via ei arbeidsgruppe under dåverande AID i 2008. Vi kan ikkje sjå at utvalet har vore kjent med desse forslaga. Rapporten frå arbeidsgruppa er tilgjengeleg på regjeringas nettsider:

<<http://www.regjeringen.no/nn/dep/bld/tema/integrering/midtspalte/rappport-fra-arbeidsgruppe-om-frivillige-.html?id=526544>>.

## **Kommentarar til avsnittet *Bruken av tilskuddsordningar* (s. 302f)**

**LNU viser til** vurderingane i første del av avsnittet *Bruken av tilskuddsordningar* (s. 302). Integrering skjer i lokalsamfunn, og at lokal aktivitet bør prioriterast sterkare enn før.

**LNU meiner** at dette ikkje bør føre til at ein større del av tilskota til lokale lag blir utforma som prosjekttilskot, noko som gjerne medfører meir byråkrati og mindre tid til kjerneaktivitet. Snarare bør sentralledda, gjennom målretting innanfor eksisterande støtteordningar, bli stimulerte til satsingar som kan bli tekne i bruk av mange lokallag utan at kvart enkelt lokallag må finne opp hjulet på nytt, eller søkje sentrale middel kvar for seg. Rapporterings- og dokumentasjonsansvaret som følger med statlege tilskot bør i størst muleg grad liggje hos sentralledda.

**LNU stør utvalet** i vurderingane av at satsingar i denne samanheng må vere “langsiklige programmer der det kan gis tilsagn om tilskudd og prosjektstøtte for flere år”.

**LNU viser til** at utvalet (s. 303) skriv at

Måloppnåelse bør fortsatt være et viktig fordelingskriterium. Krav om måloppnåelse innebærer en profesjonalisering av organisasjoner som får tilskudd og må derfor følges opp med økt satsning på veiledning og opplæring.



**LNU er einig i** at måloppnåing er ein heilt sentral faktor i vurderinga og utviklinga av statlege støtteordningar. **LNU vil likevel åtvare mot** å innføre krav som i for stor grad styrer og byråkratiserer lågterskelaktivitet av, for og med barn og unge. Igjen må det vere sentralledd og tilskotsforvaltarar som må ha ansvar for å fremje og dokumentere måloppnåing av tiltak retta mot barne- og ungdomsorganisasjonar.

**LNU viser til** at utvalet (s. 303) føreslår at det “bør etableres en statlig finansiert ordning der barn/ unge fra fattige familier får mulighet til å delta gratis i frivillige organisasjoner”. Utvalet viser til prøveordningar i Molde og Ålesund, men skriv sjølv at evaluering viser at slike kort er lite kjende og at særleg “finkultur”-tilbod blir lite brukte.

**LNU viser til dei innleiande merknadene, og meiner vidare** at gode universalordningar, på den eine sida tiltak for styrking av økonomien til foreldra i låginntektsfamiljar og på den andre sida flest muleg gratistilbod i dei frivillige organisasjonane, er langt betre løysingar enn behovsprøvde tiltak. Dei sistnemnde kan fort bli stigmatiserande, eller avhengig av at foreldra i låginntektsfamiliene er ressurssterke nok til å ta initiativ på vegner av barna. Ordningar som gjeld alle vil gje større valfridom til det enkelte barn og den enkelte unge, uavhengig av kva for institusjonar og organisasjonar som inngår i eit samarbeid om opplevingskort eller liknande.

### **Kommentarar til avsnittet *Kunnskapsbehov* (s. 305)**

**LNU delar utvalets vurdering av** at det er viktig å skaffe meir kunnskap om dei konkrete tersklane som gjer at enkeltmenneske i minoritetsmiljø i mindre grad deltek og påtek seg tillitsverv. I tillegg bør departementet aktivt hente inn og spreie positive erfaringar frå organisasjonsmiljø som har lukkast på feltet. LNU sit på mykje informasjon gjennom dei 99 medlemsorganisasjonane våre, og bidreg gjerne til innhenting av gode døme.

### **Kommentarar til avsnittet *Tiltak – frivillige organisasjoner* (s. 305ff)**

**LNU viser til** at utvalet føreslår (s. 305f) å auke statlege tilskot “til organisasjoner i lokalsamfunn med høy innvandrerbefolkning”. Ein svært stor del av dei statlege tilskota, ikkje minst til barne- og ungdomsorganisasjonane, går til eller via sentralledd i nasjonale organisasjonar. Dei fordelar sjølve midla ut frå kvar det finst lokallag, kva for satsingar organisasjonen ønskjer å leggje vekt på, kor mange medlemmer lokallaga har, eller kva for aktivitet dei planlegg. Det er vanskeleg å sjå føre seg ei sterkare styring av midla som allereie ligg inne i ordninga, utan at dette går utover kjerneaktivitet eller organisasjonsfridom.

LNU forvaltar den treffsikre og lågterskelprega Frifond-ordninga på vegner av Kulturdepartementet. I 2008-2009 gjennomførte LNU prosjektet Frifond for alle, med støtte frå departementet. Gjennom målretta informasjonsarbeid og høg grad av personleg kontakt, besøk og oppfølging i ulike minoritetsmiljø opplevde LNU ei massiv auke i talet på søknader frå organiserte og uorganiserte ungdommar i minoritetsmiljøa. Då prosjektperioden var over,



og det ikkje lenger var økonomiske ressursar til å halde fram med ei like sterk oppfølging av og reiseverksemd knytt til denne søkjargruppa, fall talet på søknader igjen.

**LNU meiner derfor** at ei auke av støtta til lokale lag i lokalsamfunn med mange barn og unge med innvandrarbakgrunn bør skje gjennom å styrkje desse generelle ordningane, slik at fleire lokale lag kan tilby fleire gratis aktivitetar. I tillegg kan ein setje av middel innanfor desse ordningane som spesielt stimulerer målretta rekrutteringsarbeid eller målretta informasjonsarbeid mot minoritetsgrupper. Samstundes er det avgjerande at barne- og ungdomsorganisasjonane får sleppe til i skolen med informasjon om aktivitetane sine. Det finst fleire døme på at skoleeigarar vel å stengje ute alle eller visse typar organisasjonar frå skolen, eller ikkje tek i bruk lokale lag og foreiningar til å støtte opp om undervisinga.

**LNU viser i denne samanheng til** rettleiaren for skolar og skoleeigarar om organisasjonars plass i skolen, som alle ungdomspartia, Elevorganisasjonen og LNU har utarbeidd, og som Utdanningsdirektoratet har publisert til skolane. Rettleiaren er å finne på nettsidene til Utdanningsdirektoratet:

<[http://www.udir.no/PageFiles/43408/rettleiar\\_organisasjonars\\_plass\\_i\\_skolen.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/PageFiles/43408/rettleiar_organisasjonars_plass_i_skolen.pdf?epslanguage=no)>.

**LNU viser til** at utvalet (s. 306) føreslår at tilskot "til majoritetsorganisasjoner bør inneholde enkle krav, blant annet på strategier og planer for en inkluderende rekrutteringspolitikk, og rutiner for rapportering på dette."

**LNU er oppteken av** at denne typen krav, ikkje minst når det gjeld meir-byråkratiserande endringar slik som nye rapporteringsrutiner, kun skal gjelde for støtteordningar der integrering og inkludering er ein del av føremålet, jfr. ovanfor om kjerneaktivitet og organisasjonsfridom.

**LNU viser til** at utvalet (s. 306) føreslår å gjere tilskot til innvandrarorganisasjonar avhengig av ei rad faktorar, mellom anna at dei "gir "hjelp til selvhjelp", viser åpenhet og demokratiske verdier" og mellom anna "gir [...] interessepolitisk trening".

**LNU meiner det er positivt** dersom departementet vel å opprette nye former for tilskot til innvandrarorganisasjonar som særleg bidreg på desse felta, eller på ubyråkratiske måtar legg inn stimulansar i eksisterande støtteordningar.

**LNU vil likevel åtvare mot** at ein innanfor *generelle* støtteordningar stiller detaljerte krav til kva for type aktivitet ein organisasjon skal drive.

**LNU meiner det er prinsipielt feil** at eit departement skal vurdere organisasjonars samfunnsnytte som grunnlag for tildeling av grunnstøtte, jfr. nye retningslinjer for støtte til miljøvernorganisasjonar (forskrift fastsett av Miljøverndepartementet 29. september 2011). I tillegg til at det vil vere eit brot med eksisterande frivilligheitspolitikk, er samfunnsnytte eit kriterium som er umuleg å måle eksakt, og vanskeleg å bruke i det heile utan omfattande dokumentasjon frå organisasjonane på all aktivitet.

**I den samanheng viser LNU til** at det i Soria Moria 2-erklæringa er eit uttalt mål for Regjeringa å avbyråkratisere samhandlinga mellom frivilligheita og staten. Vi kan derfor

vanskeleg sjå at dette er ein føremålstenleg veg å gå når det gjeld dei allmenne støtteordningane. Utvalet skriv sjølv (s. 306), noko sjølvmotseiande, at det bør bli "mindre fokus på detaljstyring av aktiviteter".

**LNU viser til** at utvalet (s. 306) meiner at innvandringsorganisasjonar "skal kunne søke tilskudd til kulturtilak fra generelle ordninger i kulturlivet". Dette er tilfellet i alle dei støtteordningar for barne- og ungdomsorganisasjonar som LNU kjenner til. Våre røynsler viser likevel at søkjarar frå denne gruppa ofte treng meir rettleiing og meir målretta informasjon. Dette er tids- og kostnadsnevjande, og styrkt innsats krev fleire ressursar.

**LNU meiner derfor** at det må påreknast større ressursbruk til informasjon, rettleiing og aktivitetsutvikling og reiseverksemd, hos forvaltande styresmakt/paraplyorganisasjon og hos sentralledd, for å nå fram til lokale ledd og potensielle medlemmer i målgruppa, der dei bur. Dette vil også bidra til å oppfylle utvalets ambisjon (s. 306) om å "bruke tilskuddsordningar til å sikre et organisasjonstilbud til alle deler av innvandrerbefolkningen".

**LNU viser til** at utvalet (s. 306) føreslår eit "jenteløft" for å rekruttere fleire jenter på alle nivå i organisasjonslivet. LNU ser at jenter særleg i pakistanske og somalske miljø i liten grad tek del i idrett og organisasjonsliv. Det er gjennomført ulike prosjekt knytt til dette innanfor støtteordninga LNU Mangfald og inkludering, som LNU forvaltar på vegner av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

**LNU viser til** at utvalet (s. 306) føreslår å gjere "frivillige organisasjoner i stand til å ansette "brobyggere", som kan jobbe opp mot andre organisasjoner, politiske partier, institusjoner og grupper". Utvalet ønskjer også (s. 307, uklårt om det er tenkt ein samanheng) at organisasjonane skal gje "direkte informasjon til, og føre dialog med, foreldre med innvandrerbakgrunn", og "aktivt trekke inn voksne med innvandrerbakgrunn".

**LNU meiner** dette er gode forslag. Vi har tidlegare føreslege å sikre statleg finansiering av lokale frivilligheitskoordinatorar, som er tilsette i kommunar og bydelar. Integrering skjer lokalt, og særleg i barne- og ungdomsorganisasjonane er det høg utskifting og ofte trong økonomi lokalt. Det gjer at kompetanse og kontaktnett raskt kan forsvinne. Samstundes er det viktig at slike koordinatorar har tillit i ulike lokale miljø.

**LNU føreslår derfor** at departementet eventuelt går vidare med dette forslaget i dialog med frivilligheita, KS, Kulturdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet, med sikte på å finne gode og stabile løysingar tilpassa ulike tilhøve i ulike kommunar og bydelar.

**LNU viser til** at utvalet føreslår (s. 306) å innføre ei statleg finansiert ordning med gratis "deltakingskort" for barn og unge i fattige familiar.

**LNU er skeptiske til** dette tiltaket, jfr. kommentarar knytt til avsnittet *Bruken av tilskuddsordninger* ovanfor. Vår erfaring er også mange familiar med innvandrerbakgrunn ikkje inntektsmessig sett er fattige, men sender pengar til opphavlandet og prioriterer bort det dei oppfatar som overskotskode, til dømes fritidsaktivitetar for barn. Såleis er vi usikre på om det føreslåtte tiltaket vil vere meir treffsikkert enn å muleggjere fleire gratisaktivitetar for alle, via barne- og ungdomsorganisasjonane eller den einskilde kulturinstitusjon.





*LNU viser til* at utvalet (s. 306) ønskjer auka dokumentasjon om “grad av, og form for, deltakelse i fritidsaktiviteter blant funksjonshemmede barn med innvandrerbakgrunn”.

*LNU vil i denne samanheng oppmode departementet til* å setje i verk ei meir generell undersøking av grad og form for deltaking frå funksjonshemma i organisasjonslivet. LNU kjenner ikkje til at slik generell kunnskap ligg føre, og meiner det vil vere viktig kunnskap i seg sjølv og eit nødvendig samanlikningsgrunnlag for meir spesialisert kunnskap.

*LNU viser til* at utvalet (s. 306) ønskjer å “satse på kulturelle/sosiale “lag” i lokalmiljøene som retter seg mot andre interesser enn de sportslige og der personer kan komme saman basert på felles *interesser*, uavhengig av alder og kjønn, etnisitet, legning, funksjonsnedsettelse eller livssyn”. Utvalet nemner film, musikk, dans, jakt/fiske, “nærmiljøarbeid”.

*LNU vil peike på* Frifond barn og unge, Frifond musikk og Frifond teater, forvalta av mellom andre LNU, som eksisterande ordningar av denne typen, for lokale grupper av, for og med barn og unge. Ordninga gir også støtte til aldersblanda aktivitet, så lenge minst 1/3 er under 26 år. LNU meiner Frifond sidan 2000 har illustrert at dette forslaget fungerer i praksis, så lenge forvaltninga skjer på ein ubyråkratisk (men likevel profesjonell og trygg) måte og nær den generelle målgruppa.

LNU vil gjerne dele røynsler frå meir enn ti år med Frifond, og stille desse til disposisjon dersom departementet ønskjer å greie ut ei liknande ordning for vaksne. Som departementet vil vere kjent med, meiner LNU at Frifond framleis har eit stort og uutnytta potensiale for positive integreringseffektar. Nøkkelen er større ressursar til målretta informasjon og oppfølging av minoritetsgrupper. LNU viser elles til <[www.frifond.no](http://www.frifond.no)> for meir informasjon.

### **Avsluttande merknader**

Som det går fram av innleiinga til avsnitt 10.4 (s. 278), er det særleg formalisert deltaking i frivilligheita, gjennom medlemskap eller verv, som er lågare i innvandrargrupper.

*LNU meiner* desse utfordringane for storsamfunnet og frivilligheita i Noreg likevel må løysast på grunnlag av medlemsmodellen, som er avgjerande for at organisasjonane skal fungere som skolar i demokrati og medborgarskap.

*LNU viser til* prosjektet for forenkling av samhandlinga mellom staten og barne- og ungdomsorganisasjonane, jfr. statsbudsjettet 2012 (sjå Prop. 1 S (2011-2012), Kulturdepartementet, s. 44f). Prosjektet er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og LNU. BLD har delteke i kartleggingsfasa av prosjektet, som vart avslutta i oktober 2011. Forenkling og avbyråkratisering, særleg for lokale og regionale lag, er ein nøkkel for at fleire med minoritetsbakgrunn skal få ein lågare terskel for forpliktande engasjement i organisasjonslivet.

*LNU oppmodar derfor regjeringa til* å ta initiativ til ein varig dialog mellom frivilligheita, kommunar og fylkeskommunar med sikte på avbyråkratisering og forenkling av samhandlinga mellom frivillig sektor og lokale og regionale styresmakter. Eit meir oversiktleg landskap der denne samhandlinga er forenkla og samordna, vil senkje tersklane for å påta seg verv på lokalt og regionalt plan.



LNU kjenner til om lag 50 ulike statlege støtteordningar som er opne for barne- og ungdomsorganisasjonane. Desse sorterer under 12 ulike departement. Skal ei vriding i retning av større vekt på integrering monne, og avbyråkratiseringsinitiativ få styrkje nok til å bli fullt implementerte i brei skala, er det nødvendig å styrkje rolla til Kulturdepartementet som koordinerande departement for samhandlinga mellom staten og frivillig sektor.

*LNU vil ønskje velkomen* ein gjennomgang av eksisterande tilskotsordningar også ut frå eit integrerings- og inkluderingsperspektiv.

## **Innspel som kom fram i høyringsmøte for LNUs minoritetsorganisasjonar**

Dei følgjande meir generelle innspela til oppfølginga i departementet av NOU 2011:14 kom fram i eit høyringsmøte for minoritetsorganisasjonane i LNU. Møtet vart arrangert 29. september, med brei deltaking.

### *Arbeidsliv og fritid*

- Det trengst enklare og meir effektiv kontroll for å få slutt på diskriminering i arbeidslivet. Særleg er gutar og menn utsette. Det må bli teke fleire stikkprøver.
- Staten bør vurdere å premiere bedrifter som har ein “fleirkulturell” tilsetjingspolitikk
- Mange innvandrarakar har problem med å kome inn på utestader, og dette problemet har vakse den seinare tida. Likestillings- og diskrimineringsombodet bør få større ressursar til å jobbe med dette, kontrollane bør bli hyppigare og sanksjonane strengare. Problemet i dag er ikkje at folk ikkje veit *kvar* ein skal melde frå om slike problem, men at det kostar for mykje å få slike saker i retten. Det må bli enklare å melde frå og enklare å få teke opp og vurdert saka si.
- Diskriminering på religiøst grunnlag er eit veksande problem. Dette gjeld ikkje berre individ, til dømes opplever muslimske organisasjonar å få avslått søknader om leige av lokale på slikt grunnlag.
- Media kategoriserer og karakteriserer no religionar, der ein før kategoriserte nasjonalitetar
- NOU 2011:14 føreslår relativt få konkrete tiltak på dette feltet. Departementet må identifisere og iverksetje aktuelle tiltak. Verkemiddel som vil fungere bra er meir støtte til antidiskriminerings- og inkluderingsarbeid i organisasjonane, til informasjonsarbeid og til kampanjar som Teatime (Antirasistisk senter 2010-2011).

### *Utdanning*

- Morsmålsopplæringa fungerte betre tidlegare
- Mange unge med innvandrabakgrunn opplever aukande forventingar og press heimefrå når det gjeld yrkesval. Råd som kjem frå rådgjevar på skolen i samråd med elev bør bli formidla skriftleg til foreldra.
- Rådgjevarar i skolen må få meir kompetanse på minoritets- og innvandrarungdom



- Mange opplever det som eit problem at visse klesklass. som niqab, ikkje er tillate brukt i ulike samanhengar
- NOU 2011:14 identifiserer elles mange viktige utfordringar og gode forslag til løysingar på dette feltet

### *Helse*

- Mykje byråkrati blir opplevd som eit hinder, mellom anna av internasjonale studentar
- Psykisk helse er tabu i mange innvandarmiljø, men her er det allereie sett i verk enkelte tiltak
- Det er svært vanskeleg for papirlause å få legetime

\* \* \*

Med helsing  
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

A handwritten signature in black ink that reads "Martin V. Østerdal".

Gunhild Grande Stærk /s/  
leiar

Martin Vonstad Østerdal  
generalsekretær

Kopi:  
Kulturdepartementet, Samfunns- og frivilligheitsavdelinga

